# Palestinakomiteens medlemssystem Solidus - dei viktigaste funksjonane

I dette dokumentet har vi tatt med dei viktigaste funksjonane til **medlemssystemet Solidus**.

***Medlemskap er sensitive opplysningar***
*All medlemsinformasjon som er registrert i medlemssystemet Solidus er sensitive personopplysningar som brukarane må ivareta i samsvar med personopplysningsloven (Lov om behandling av personopplysninger). Det betyr at du som brukar av Solidus har ei plikt til å ivareta desse opplysningane slik at dei ikkje blir gjort offentlege eller blir delt med uvedkomande, eller at det berre blir registrert opplysningar som er nødvendige for å ivareta eit medlemskap.*

**Som lokallagsbrukar av Solidus har du tilgang til:**
1. Oversyn på alle medlemane i lokallaget
2. Oversyn over personar i området ditt som gir bidrag til 100x100, innsamlingane PalestinaSolidaritet og Fadderordninga (for å gi bidrag treng dei ikkje vere medlemar)
3. Endre kontaktinfo til medlemane (fast adresse, mobil, epostadresse)
4. Ta ut medlemslister for å sjå kven som er medlemar i lokallaget ditt, kven som har betalt/ikkje betalt kontingent o l, eller for å hente ut epostadresser som du kan bruke i nyheitsbrev eller epost til medlemane
5. Sende masse-epost og/eller SMS til medlemane
6. Kontonummeret for medlemskontingent er **5082.07.56123. Ved betaling til dette kontonummeret, må medlemet nytte KID-nummer!**

## Innlogging

### 1. gongs pålogging – brukarnamn og passord

Du er registrert som brukar av Palestinakomiteens web-baserte Solidusbase, og har tilgang til basen med brukernavn og eget passord.

**Brukarnamnet** ditt er epostadressa di.
**Passordet** kan du hente ut slik:

1. Gå til nettsida www.solidus.no og klikk på Logg inn.
2. Skriv epostadressa di som brukarnamn og trykk på knappen "Send meg passordet". Du får straks tilsendt passordet til epostadressa di (av og til kjem det fram som Spam-post).

Sjå neste skjermbilete.




Etter at du har fått passord og logga deg inn, kan du endre passordet. Gå til **Basisopplysninger Brukere** som vist under:




Trykk på blyanten til venstre for brukarnamnet ditt (epostadressa di), og du får opp dette biletet:




Som du ser, kan du her endre passordet.

Dersom du har gløymd passordet, kan du sende melding ved å klikke på "Send meg passordet". Du får da tilsendt nytt passord om kort tid.

**Bruk:**
Du vil ha mest bruk for det som ligg under menyane **Daglig arbeid** og **Rapporter.**
Her kan du både finne opplysningar om den enkelte medlemmen og ta ut oversikt over alle medlemmer i lokallaget (namn, adresser, epost, når dei sist betalte kontingent osb).

## Dagleg arbeid

**Daglig arbeid**, øverst til venstre, er ein grei plass å starte. I rullegardinmeny under **Daglig arbeid** kan du gå til **Medlemsavtaler.**

Her kan du søke opp medlemet (du treng t d ikkje skrive heile namnet, men berre delvis):




I bildet ser du namnet til person som står som vanleg medlem (ikkje student, pensjonist eller anna), betaler 500 kr i kontingent, Fr (frekvens) = Årleg) Bf (Betalingsform) = Avtalegiro, Td (trekkdag) = 20. osv.

Trykker du på blyant til venstre for namnet, får du fram opplysningar om medlemsavtalen, medan blyant til høgre for namnet gir kontaktinformasjon. Symbolet for bok gir deg informasjon om betalingsstatus.

**Endre kontaktinformasjon**
Skal du endre på fast adresse, mobil, epostadresse o l, kan du anten trykke på blyanten til høgre for namnet som du søker opp under **Medlemsavtaler** eller du kan gå inn på menyvalet **Daglig arbeid** og velje frå rullgardinmenyen **Kontakter**.




# Lister og rapportar (epostliste, medlemsliste m fl)

Frå medlemssystemet kan du ta ut ulike lister og rapportar. Dette gjer du anten frå menyvalet **Daglig arbeid - Kommunikasjon** eller menyvalet **Rapporter** som du finn til høgre øvst i startmenyen (sjå bilete side 2). Under syner vi nokre døme på liste og rapport.

## Epostliste

1) **Daglig arbeid** og **Kommunikasjon**.
2) Vel meny **Send epost.**

Om du t d skal sende epost til alle medlemane, kan du kopiere epostadressene på lista og lime dei inn i adressefeltet for eposten. Hugs og legg adressene inn i **blind-kopifeltet** og ikkje "til"feltet eller "kopi"feltet slik at ingen andre kan sjå kven eposten blir sendt til, eller at ingen kan bruke epostadressene til andre formål. Medlemsinformasjon er personleg og definert som sensitiv informasjon (jfr Personopplysningslova).

## SMS til medlemane

Du kan også sende SMS til medlemane. Gå inn på **Daglig arbeid** og **Kommunikasjon** og **Adresseutvalg.**

Vel meny **Send SMS.** Kvar SMS kostar ca kr 0,40. Faktura for desse kostnadene blir sendt til Palkom sentralt. Ver difor venleg og meld frå om eventuell bruk slik at Palkom sentralt kan fakturere lokallaget.

**Medlemsliste**
Vel menyval **Rapporter** og **Andre rapporter** som vist under – dvs **R50 Prosjektvis oversikt over avtaler.**




**Når du klikkar på «R50 Prosjektvis oversikt over avtaler», kan du i menyvalet «Avtaletype» velje mellom «Medlemsavtaler» eller «Betalingsavtaler».**

*Veljer du «Medlemsavtaler» kan du ta ut rapport over medlemane i lokallaget som syner kontaktinfo, når dei sist betalte, når dei meldte seg inn etc.*

*Veljer du «Betalingsavtaler» kan du ta ut rapport over alle personar som betalar inn til PalestinaSolidaritet, 100 x 100 eller Fadderprosjektet. Personar som betalar inn til desse ordningane, treng ikkje vere medlemar for å vere faste bidragsytarar.*

Uansett om du veljer «Medlemsavtaler» eller «Betalingsavtaler», får du i rullgardinmenyen **Detaljer** to val: 1)**Vis betalere** (dvs medlemane) 2)**Ikke vis betalere** (utan namn, men medlemstyper).

Lista kan du anten ta ut som pdf-fil eller i excel. Det kan vere greit å ta ut ei exelfil avdi du kan redigere lista alt etter bruk.

**Betaling av kontingent med AVTALEGIRO**
Palestinakomiteen sparer mykje pengar og tid om medlemane betaler kontingenten via avtalegiro. Dessutan er det mindre sjanse for å gløyme kontingenten om betalinga ligg inne som fast avtale i banken. Vi ønskjer derfor at flest mogleg tar i bruk avtalegiro.

Framgangsmåten er som følgjer: Alle medlemmer i Palestinakomiteen er registrert med medlemsavtale, som inneber at dei får ein giro med KID (kundeidentifikasjon) når dei skal betale kontingent. Ved betaling av denne giroen i nettbanken, vil medlemet få tilbod om å opprette avtalegiro. Dersom nokon ønskjer å opprette avtalegiro utan at dei har giro for hand, kan dei bruke KID som du finn i skjermbiletet **Medlemsavtale** (som under).

**Bankkontonummeret som dei skal nytte er 5082.07.56123 (alle innbetalingane må ha eit KID-nummer).**




Frå dette skjermbiletet kan du sende e-post til medlemet om å opprette avtalegiro - sjå ikonet for epost nederst på skjermbiletet. Du får opp eit bilete som dette:




*I rullgardina for "Velg" er det også ein funksjon som heiter "Send epost med KID" - denne skal du* ***aldri*** *nytte avdi det har inga verdi for oss. For å minne medlemar om ubetalt kontingent, sjå neste avsnitt (betaling av uteståande kontingent).*

## Betaling av uteståande kontingent – KIDnr er viktig!

**NB! KID-nummeret i skjermbiletet over, er viktig om medlemet etterspør betalingsinformasjon.**

**Det beste er likevel om medlemet får oppgitt KIDnr som er relatert til ubetalt faktura.** Dette KID-nummeret finn du ved å gå til menyvalget: **Annen info** og ved å velje rullgardinmeny **Avtalegiro trekk / giro sendt.** Søk opp medlemet, og klikk på blyanten heilt til venstre. Du får opp eit skjermbilete som dette:




Nederst i skjermbiletet finn du KIDnummeret som medlemet skal bruke for å betale utestående krav. Kontonummeret til Palestinakomiteen er **5082.07.56123.**

Om du ønskjer oversyn over alle medlemane som har fått tilsendt giroar kan du ta ut liste frå same menypunkt, dvs **Avtalegiro trekk/giro sendt,** ved å klikke på symbolet for Excel (sjå skjermbilete under). Du får da ut medlemar som inkl kontaktinfo, kontingentsats, når giroen er sendt, KID-nummer etc.




## Opplæring og informasjon om bruk av Solidus

Etterkvart som du blir kjend med systemet, vil du sjå at dette gir lokallaget viktig informasjon om medlemane, korleis dei betaler kontingenten og kva for type medlemar laget har (ungdomar, studentar, ordinære, pensjonistar m m).

Ta gjerne kontakt om du ønskjer meir opplæring eller om du har spørsmål:


**Arne Apold, medlemsansvarleg: medlem@palestinakomiteen.no**
**Berit Aaker, medlemsassistent: berit.aaker@palestinakomiteen.no**